



Uskedalen Aktivitetshus er i ein problematisk situasjon. Her er det skulen som har møte i huset i fjor haust. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Aktivitetshuset har no eit utestående beløp på nær 200.000 for arbeid utført i hallen opplyser styret i eit brev til aksjonærane. Det er pr. dags dato ikkje pengar på konto til å dekkja dette beløpet.**

Difor har styret søkt kommunen om ein forskotsgaranti på 300.000 kroner for å kunne betala utestående gjeld og ferdigstillja hallen innan fristen som er 1. desember 2008.

Søknaden om forskotsgaranti må etter reglane behandlast politisk og forventja handsaming er i følgje administrasjonen 11.september, blir det opplyst i brevet.

- Som alle skjønar er Uskedalen Aktivitetshus AS heilt avhengig av å få innvilga denne forskotsgarantien for å sikra vidare drift og ferdigstilling av hallen, heiter det.

Brevet kjem også inn på situasjonen for styret. Det har vore utan styreformann sidan generalforsamlinga i mars og manglar framleis styreformann. Styret består no av tre, men burde med fordel ha minst fem medlemmer. Valkomiteen hadde ved generalforsamlinga ikkje klart å få nye medlemmer inn i styret og det har heller ikkje lukkast å rekruttera nye medlemmer i ettertid. Styret vil mdifor oppmoda aksjonæare til å bidra med nye medlemmer.

Av Ola Matti Mathisen